



Pressemelding frå Stord Næringsråd

Stordkonferansen 7. juni 2018

Tema: Kompetanse og Arbeidsplassar!

Den 19. Stordkonferansen vert arrangert torsdag 7. juni på Stord Hotell. Til å leia årets konferanse har me med oss Siren Sundland som er konserndirektør Operasjonelle tenester i Sparebanken Vest. Ho kjenner godt næringslivet på vestlandet og vestlendingen sine sterke sider.

Rammevilkår og det offentlege si rolle som tilretteleggar for utvikling av kompetanse og nye arbeidsplassar vert innleia av Ingvild Smines Tybring-Gjedde, statssekretær i Olje- og energidepartementet. Fylkesvaraordførar Marianne Chesak vil presentera korleis Rogaland fylkeskommune tek ei rolle som pådrivar for konkurranse- og miljøfremjande tiltak.

UngTekno er eit pilotprosjekt som knyt teknologi og yrkesfag saman med entreprenørskap. Gjennom prosjektet vil ein belyse samanhengen mellom teknologi og yrkesfag, kva kompetanse som trengs framover og korleis ein må tenkje utanfor den tradisjonelle " boksen" når ein vel vidaregåande utdanning i kommande år. UngTekno er eit prosjekt i regi av Atheno, og vert representert på Stordkonferansen ved 9.klasse elevar frå Hillestveit ungdomsskule og Stord ungdomsskule. Dei har løyst tekniske utfordringar for Unitech og Wärtsilä som dei skal «pitcha» på Stordkonferansen.

Med utgangspunkt i leverandørindustrien til olje- og gass, vil Stordkonferansen i år ha eit enda sterkare fokus på kva posisjon industrien i regionen skal ta i framtida. Korleis bruka og vidareutvikle kompetansen? Kor kjem veksten i arbeidsplassar i framtida? Torger Reve, professor i strategi og industriell konkurranseevne ved Handelshøyskolen BI kjem til Stordkonferansen, og har med seg ein fersk rapport om kva me skal bygga framtida på, og kva posisjon regionen kan ta! Funn i rapporten vert debattert i etterkant av foredragshaldarane, og dagleg leiar Astrid Kjellewold hos Atheno vil leia debatten.

Stordkonferansen 2018 ser på «Det grønne skiftet» både som revolusjon og evolusjon. Men heilt avgjerande er det at kompetansen som skal skapa dei nye jobbane inn mot nye marknader kjem frå den kompetansen me har opparbeid fram til i dag. Kontinuerleg fokus på smartare arbeidsmetodar, bruk av digitale verktøy, og ikkje minst dei unge sin medverknad til fornying av industrien slik at meir arbeid kan utførast i Norge.

På Stordkonferansen 7. juni vil du mellom anna møta Salt Ship Design og Wärtsilä Norway – lokale verksemdar som har utvikla ny kompetanse og som har snudd seg mot nye marknader.

Statoil er blitt til Equinor og speglar med dette selskapet si vidare satsing som eit breitt energiselskap. På Stordkonferansen vil Equinor presentera satsinga innan Offshore wind og samstundes visa korleis norske arbeidsplassar skal vidareutviklast innan olje- og gassdivisjonen.

Sunnhordland Naturgass si satsing på biogass viser at lokale aktørar og investorar ynskjer leggja til rette for framtidsretta, miljøvennlege arbeidsplassar. På Stordkonferansen 7. juni møter du dagleg leiar Jan Kåre Pedersen som presenterer selskapet si satsing.

Kveldsarrangementet startar med vorspiel på Brygga 11 i regi av Nettverk U37 og Haugaland Kraft, før det vert telttur i Lavvo'en på Tyse med god mat og drikke, nettverksbygging og underhaldning.

Stord, den 23.mai 2018

Anne-Grete Sandtorv – teknisk arrangør, Stord Næringsråd, mob. 901 45 458

www.stordkonferansen.no

